

**Kloakk i tett tank frå Festidalen****01.07.2012**

**Det er ein månad att til Festidalen og kommunen har no betemt at kloakken skal samlast opp i tett tank eller gjødselvogn for transport til og tömming på kommunalt avløps- og reinseanlegg på Børnes,**

**Miljøretta helsevern har gjeve ei grundig tilråding for dette alternativet som ei helsemessig forsvarleg løysing og for å minske risikoen for helseeskade og blempe.**

Kommunen viser og til forureiningslova som pålegg tiltakshavar ansvar for for å unngå forureining og forsøpling og behovet for løpende tilsyn og kontroll med dei mellombels installerte toalettanlegga

Det var lansert 2 andre alternativ. Det eine var avløp til gjødselkjellaren på festivalstaden Dønhaug for modning og blanding og seinare bruk saman med anna gjødsel.

Det andre var tilkopling direkte til kommunalt nett eller avløpsleidning - ei løysing som kunne ha vorte kostbar.

Det blir rekna med 2000 deltagarar kvar av dei 2 dagane. 2 20 kubikketers kontainarar vil bli kopla til eit internt vass- og avløpssystem medan urin kan ha direkte avløp til gjødselkjellaren. For publikum vil det elles bli plassert ut 6 festivaltoalett. Avløp frå vaskekummar på serveringsområdet vert kopla til internt avløpssystem eller eler eksisterande kommunalt eller privat avløp.

Ansvarleg røyrleggjar skal sjå til at installasjonane ikkje vert lidande under den mellombelse løysinga og at montering og teknisk utforming og plassering gjev grunnlag for forsvarleg hygiene og drift.

Dette skal skje utan utan unødige utslepp eller forureining som kan gje helseeskade eller annan risiko. Anlegget skal også kunne avviklast utan spor som kan gje opphav til slik skade og risiko, held rådmannens saksbehandlar Arne Gjellan fram

Av Ola Matti Mathisen